

Les meir om retur av tekstilar og farleg avfall eller levering av avfall til miljøstasjonen på vor.no.

Avfallet
under
bakken




Volda og Ørsta Reinhaldsverk IKS

Volda og Ørsta Reinhaldsverk IKS
Torvmyrane 29, 6160 Hovdebygda

Telefon: 70 04 86 00

firmapost@vor.no

Nettside: vor.no

 Besøk oss på Facebook



Glas- og metall-emballasje:

Må vere reint og tørt, og må ikkje pakkast inn i plastnett.

Papp, papir, kartong og plastemballasje:

Må vere reint og tørt, platen skal i eigen pose.

Matavfall

Skal i egne grønne posar frå VØR.

Restavfall:

Skal pakkast i plastnett og knytast att.



Nedgravne avfallsløysingar

I tettbygde bustadområder med minst 20 bu-iningar kan nedgravne anlegg vere ei god avfallsløysing. Avfallet vert då lagra i store kummar under bakken, noko som både tek liten plass og meir estetisk enn avfallsdunkar. Over bakken står innkastluker der alle i same område skal sortere og kaste avfallet.

For eksisterande bustadområde må abonnentane sjølve dekkje kostnader med kummar, installasjon og graving. For nye bustadfelt vert det no stilt krav til utbyggjar om nedgravne avfallsløysingar.

Nedgravne avfallsløysingar gir estetiske, hygieniske og praktiske fordelar, til dømes at ein i periodar med kraftig vind slepp at avfallsbeholdarar bles over ende. Ein vil også få ein betre trafikksituasjon.

- Matavfallet vert henta kvar 14. dag.
- Restavfall, glas- og metallemballasje og papp, papir og plast vert tømde når dei er fulle. Dette kan evt meldast frå om på tlf 915 84 095.
- Hugs å late att innkastet etter kvar tømning.
- Gebyret er det same som for standardhushald.
- Abonnentar som er tilknytt eit anlegg vil vere ansvarlege for tilsyn, snømåking og å halde det ryddig rundt anlegga.
- Det vil bli gjennomført kontrollar av kvaliteten på dei ulike fraksjonane (matavfall, restavfall, glas- og metallemballasje, papp, papir, kartong og plast).